

Uskedelingar i julematine i Rosendal

06.12.2009



Bjørn, Tobias og Sebastian i blåsebandet (frå venstre, alle fotos: Thor Inge Døssland)

Noko slikt som 30 gonger har musikklaget hatt julematine i Rosendal og også dette året var det fullt hus i samfunnshuset under det populære arrangementet sundag ettermiddag.



Trommis Sindre

Musikklaget og skulemusikken var hovudaktørar under matineen, men denne gongen var det også eit nytt, friskt innslag. Eit førebels udøypt blåseband hadde ein lovande debut og tre av dei var frå Uskedalen: Vegard Døssland,(trompet) Sindre Aksnes(slagverk) og Bjørn Naterstad (trombone).



Vegard, Anders og Marius i blåsebandet.

Av dei fire frå Rosendal var det tre brør Lamberg Torjusen: Tobias (trombone), Marius (marching-baryton) og Sebastian (susafon). Sjuandemann på laget var Anders Bennes (trompet). Dei 7 ungdommane imponerte med tre nummer, tydeleg inspirert av Youngblood Brassband og Brazzability. Det svinga skikkeleg, ja det var ein verkeleg knaldebut!

Også i musikklaget gjorde uskedelingane seg gjeldande, for der var Birgitte Hjelmeland, Inger Naterstad og Gunnvald Friheim med i tillegg til dei tre blåsarane.

Det er fint at dei to bygdene bokstaveleg tala kan spela på lag på denne måten, det gjer begge i stand til å klara større musikalske løft!

Musikklaget leia av Torstein Hatlevik starta med ein variert avdeling, både med nokre nummer som dei spelte på Siddis for stutt tid sidan og julestoff. Mellom andre var unge Vegard Skåle solist på kornett på Panis Angelicus og kom frå det med bravur!

Skulekorpset sytte for at publikum kom i god førjulsstemning med god framføring av kjende julesongar. Det vart dirigert av Anders Christensen.

Arrangementet vart avslutta med at begge korpsa spela "Deilig er jorden" saman medan publikum bidrog med song-
Det var også åre- og loddsal med mange fine gevinstar.

Av Ola Matti Mathisen



Rosendal Musikklag hadde seks uskedelingar på laget.